



Arbeidsgruppe- lokalisering

Møte nr 3: 16.01.19

Desse møtte:

- Astrid Eidsvik- prosjektleiar
- Liv Stette- Rådmann Ålesund
- Synnøve Vasstrand Synnes. Rådmann Ørskog
- Bente Glomset Vikhagen- Rådmann Skodje
- Turid Hanken- Rådmann Haram
- Anny Sønderland- Rådmann Sandøy
- Hanne Tønning- Hovudtillitsvald
- Cecilie Solli- Hovudtillitsvald
- Kristin H Breivik-Vernetenesta

**Arbeidsgruppa sitt mandat:**

Foreslå kvar ulike funksjonar og tenester skal vere lokalisert i nye Ålesund kommune.

Utarbeid forslag innan 1. februar med tilråding til framtidig organisering

**Føringar:**

Intensjonsavtalen for nye Ålesund kommune legg ein del føringar for arbeidet med lokalisering

Dette er gruppa einige om:

- Stabs og kommunalsjefar bør ha sin hovudbase ved rådhuset i Ålesund
- Stabs og kommunalsjefar treng delar av staben tett på. Vi må ha ein diskusjon på kva som bør definerast som stabsfunksjonar som bør ver tett på, og kva som ev kan desentraliserast.
- Vi må foreslå ein modell som unngår nyinvesteringar og nye leigeavtalar
- Nokre funksjonar kan lokalisert ut til dei eksisterande rådhusa då dei ikkje treng å vere nær strategisk leiing og har mykje fast kontortid- Gruppa har diskutert kva for område som kan ha fysisk lokasjon utanom rådhuset i Ålesund
- Gruppa har diskutert kva for andre hovudbasar som kan vere aktuelle i tillegg til rådhuset i Ålesund
- Vi må finne gode kombiløysingar for dei fem innbyggjartorga i dei eksisterande kommunesentra. Moa bibliotek kan eventuelt ha utvida funksjonar.

### **Gruppa arbeidde vidare med idear til framtidig lokalisering.**

Hovudproblemstilling: Korleis svarar vi ut intensjonsavtalen:

1. Arbeidsplassar ved alle rådhus
2. Robuste fagmiljø
3. Nærleik til innbyggjarane

Grupa byrja arbeidet med å få fram totalbiletet i forhold til det som har vore diskutert til no.

Det skal arbeidast vidare med detaljane i totalbiletet i neste møte.

Neste møte i arbeidsgruppa: 23. januar: 0830 ved rådhuset i Brattvåg

Bente G Vikhagen

Ass Prosjektleder nye Ålesund kommune